

# Prisvinnarar i full fyr

■■ Entreprenørskapsmesse ■■ Tenner på Sogn Avis ■■ 500 på m

**LÆRDAL:** – No kjem jamvel gamle utgåver av Sogningen til nytte, seier vikjaordførar Martha Finden Halset om miljøbedrifta Full Fyr frå Flatbygdi skule.

Dei var ei av tre elevbedrifter som fekk premie under entreprenørskapsmessa i regi av Sogn Regionråd i idrettshallen i Lærdal onsdag. Og ordføraren var tydeleg stolt over det elevane hadde fått til.

– Dette er ei kjempebedrift, konstaterte ho.

## Heile klassen

Under mottoet «Tenner du pao meg, så brenne eg fy deg» gjekk bedrifta til topps i kategorien miljø og berekraft.

– Me var ei heil gruppe som var samla då me kom på ideen, seier Hanne Turvoll i Full Fyr.

– Heile klassen har også vore med på produksjonen.

Og produksjonen er tennbrikettar som rett og slett er samanrulla avisopapir dynka med stearin og bereposar laga av aviser.

– Me brukar Sogn Avis, for den er det flest av i Vik.

## Sognachips

I kategorien formidling og kommunikasjon, gjekk «Vestlandschips» til topps.

– Me sat og åt potetgull i klasserommet og der kom ideen til å laga chips sjølve, seier Sondre Hille i «Vestlandschips».

– Dette er miljøvenleg med kortreiste poteter og sunn og god olje til koking. Så saltar og krydrar med ulike smakar.

Nyskaping og kreativitet stod «Lys og stemning» frå Hafslø skule for. Det synta att i utstillinga.

## Kompetanse

Entreprenørskapsmessa i Lærdal samla over 500 skuleelevar frå 8. og 9. klasse, der niandeklassingane presenterte elevbedriftene. Det var også lagt opp til besøk på fleire av bedriftene i Lærdal.

–Litt av målet er at me skal



**FULL FYR:** – Kjempebedrift, konstaterer ordførar Martha Finden Halset om elevbedrifta Full Fyr, her representert ved Ragnar Finden, Hanne Turvoll, Sondre

sjå dei moglegheitene me har i Sogn, seier Claus Rønnesdall, programleiar i Sogn Regionråd.

– På den eine sida vil me syna spennvidda og me vil syna kva

som krevst av utdanning og kompetanse for å koma inn i arbeidslivet. Gjennom slike opplegg får me synt ungdom kva som finst av moglegheiter

i Sogn.

## Utvikling

Rønnesdall har saman med Arve Tokvam arrangert slike messer for femte året på rad. Han seier dei heilt klart ser ei utvikling når det gjeld kvaliteten på elevbedriftene.

– Me er betre, det er gjort eit godt stykke arbeid. For oss handlar dette om å motivasjon og meistring i ungdomsskulen.

Tokvam legg til at åttandeklassingane som er på messa, vil få inspirasjon til entreprenørskapsarbeidet dei skal ta til med neste år.

## Utfordring

Regionrådet fekk ei utfordring frå Ungt Entreprenørskap i 2008 og å skipa til slike messer. Den første såg dagens lys i Balestrand i 2009. Neste kjem i Sogndal før Årdal står for tur

i 2016.

– Me har sett ei klar kvalitetsheving på bedriftene desse åra, seier Tokvam.

– Me ser også ein betre dialog og samarbeid med skulane og næringslivet.

Rønnesdall strekar under at arbeidet på skulane i forkant også er viktig.

– Prosessane og metodikken er viktig. For oss er arbeidet med entreprenørskap i skulen også å ta i bruk alternative undervisningsformer.

## Hjelper til

27 bedrifter frå 12 ungdomsskular var representerte på messa. Tiandeklassingane ved Lærdalsøyri skule stod som vertskap.

Jan Egil Fimreite  
jan.egil.fimreite@sognavis.no



**VESTLANDSCHIPS:** Mons Tønjum Frydenlund, Eirik Bolstad og Sondre Hille stakk av med premie i kategorien formidling og kommunikasjon.



**GOD KVALITET:** – Me ser ei kvalitetsheving kvart år, seier programleiar Claus Rønnesdall og Arve Tokvam, leiar i Lærdal Næringsutvikling.

vr  
nesse



Skjerven, Anna Engan Aamodt, Alicia Julia Pankowiecka og Asbjørn Grov.



**STEMNING:** Beste bedrift innan kategorien nyskaping og kreativitet vart «Lys og stemning» frå Hafslo skule. Her Silje Holm Carlsen, Sandra Haugen Kalhagen og Kaja Marie Tangen Lihaug med det synlege provet i form av Festivalpass til Jordeplerock.

(Foto: Odd Helge Brugrand)



**TØFF OPPLEVING:** Ole Asle Hundershagen la ikkje skjul på at den brutale opplevinga har prega han psykisk i ettertid. Her saman med bistandsadvokat Rune Tysse utanfor Sogn tingrett. (Arkiv)

## Fekk strenge straffer etter brutalt ran

### Vart overfallen og rana i heimen

**SOGN TINGRETT:** Asle Ole Hundershagen vart truga med våpen, fekk stripsa hender og teipa munn og auge, då to menn overfallen og rana han i eigen heim.

No er dei to kompisane dømde til strenge fengselsstraffer og må også betala erstatning til Hundershagen.

#### Tidleg morgon

Det var grytidleg søndag 3. november dei to jangamle kompisane gjennomførte ranet der målet var å skaffa seg våpen som dei kunne selja vidare. Frå tidlegare var dei kjent med at Hundershagen hadde ei samling av eldre våpen, di- for vart han mål for den noko spesielle planen.

Gule post-it-lappar med hugseliste for utstyr og klede, funne i heimen til den eine, avslørte at dette var ikkje ei rein impulshandling utført i rus.

Dei to, den eine frå Sogndal og den andre frå Vik, vedgjekk begge straffskuld i retten og forklarte seg med at dette var ei dum handling utført i rus. Utbytte etter ranet vart også magert, sidan dei aldri fekk hand om noko våpen.

#### Truga

Iført mørke klede, solbriller,

hanskar og buff til å skjule andletet, tok dei to seg inn i heimen til Hundershagen og truga han med pistol. Sjølv om dette var ein gasspistol, også kalla softgun, skal ein vera ekspert for å sjå skilnad på den og ein ekte pistol.

Hundershagen vart kasta i golvet, før han seinare vart stripsa og bunden og fekk teip over munn og auge. Retten legg til grunn at fornærma vart truga med at dei skulle øydeleggja eller rasera huset hans dersom han ikkje viste dei kvar dei hadde våpna sine. I frykt for eige liv, opplyste han at han hadde våpen oppbevart i huset til son sin som ligg i nærleiken og måtte gje frå seg nøklane.

#### Attkjende

Sjølv om dei to ranarane snakka engelsk, forstod han at det var lokale folk som stod bak og ikkje austuropearar som han først frykta. Han kjende att den eine på ganglaget, som var noko hjulbeint.

Hundershagen klarte etter ei stund å koma seg til ein nabo som fekk ringt til politiet som samstundes fekk tips om kven den eine gjerningsmannen var. Politiet rykte ut til vedkomande der begge tiltalte vart arresterte.

#### Frykt

Då saka var til hovudforhandling i Sogn tingrett retta begge dei tiltalte ei direkte orsaking

til fornærma. Dei har begge sete varetektsfengsla sidan pågripinga og vart ført til og frå retten i handjarn.

Ole Asle Hundershagen la ikkje skjul på at det hadde vore ei traumatisk oppleving som hadde gjeve han mykje frykt i ettertid. Søvnvanskar, redd å gå ut etter mørke og eit liv med låste dører, har blitt konsekvensen.

I domen heiter det at fornærma ikkje har fått fysiske mein av skaden, men retten legg til grunn at han er påført psykiske skadeverknader.

#### Straff

Retten er samd med aktor, statsadvokat Magne Nyborg, at utgangspunktet for straffa for ranet åleine bør vera i underkant av to år, men at det skal gjerast noko frådrag for vedkjening av straffskuld.

I skjerpande retning vert det lagt vekt på tiltalte ei rekkje gonger er straffedømt også for valdshandlingar og vinningsbrotsverk.

Straffa vert sett til fengsel i 1 år og 9 månader, for tiltalte busett i Sogndal og 1 år og 4 månader for han som kjem frå Vik. Begge får frådrag for ut- halden varetekt.

Dei må saman betala 75.000 kroner i erstatning til Hundershagen.

Eli Grotle  
eli.grotle@sognavis.no